



Høgskulen
på Vestlandet

BACHELOROPPGÅVE

Møter vi barn likt i barnehagen?

Do we meet children the same way in
kindergarten?

Kandidatnummer: 224 og 206

BACHD401 2022/2023

Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Institutt for pedagogikk, religion og samfunnsfag

Barnehagelærerutdanninga

Innleveringsdato: 25.05.2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeida, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle

kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

Samandrag

Tittel: Møter vi barn likt i barnehagen?

Formålet med denne oppgåva var og sjå på om barnehagepersonalet jobba med likestilling eller er bevist på dette temaet og korleis barn blir møtt av personalet om morgonen ved levering. Og om barnets kjønn hadde noko og seie på måten dei tilsette møtte barnet. Vi synes at dette er eit interessant tema å sjå nærmare på då nesten alle norske barn går i barnehagen, og personalet spelar ein viktig rolle i barnas liv.

Vår problemstilling blei då: «*Møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?*»

I forbindelse med våre funn ser vi at jenter og gutar blir møtt på forskjellige måtar og med forskjellige forventningar. Vi ser også at kjønn blir ein måte og kategorisere barn på.

Dette er noko av det same som kjem fram både i tidlegare forskning og teori vi har funne og jobba med.

Abstract

Title: Do we meet children the same way in kindergarten?

The purpose of this assignment is to examine how the employees in the kindergarten are working with equality or are aware of this topic in their job. And how children are greeted in the morning. Whether the child's gender has a say in the way they are greeted in the morning. This is an interesting topic to investigate further. As staff play a major role in children's lives. Based on this, the following theses was constructed:

Do kindergarten staff greet children equally regardless of gender?

In connection with our findings, we see that girls and boys are met in different ways and with different expectations. We also see that gender becomes a way of categorizing children. This is something that also comes out both in previous research and theory we have found and worked with.

Innholdsfortegnelse

Innholdsfortegnelse	3
1.0 Innleiing	4
1.2 Problemstilling	5
1.3 Avgrensing	5
1.4 Oppbygginga av oppgåva	5
2.0 Tidlegare forskning	7
3.0 Teori.....	9
3.1 Likestilling og kjønn i barnehagen	9
3.2 Kjønnslikestilling og kjønnsroller	11
4.0 Metode	14
4.1 Val av metode.....	14
4.1.1 Observasjon som metode.....	14
4.1.2 Strukturerte observasjonar	15
4.2 Validitet og reliabilitet	15
4.3 Etske refleksjonar	16
4.4 Omarbeiding av observasjonane	16
5.0 Presentasjon av funn	17
5.1 «Så fin du er».....	17
5.2 «Å bli sett».....	17
5.3 Ved frukostbordet	18
6.0 Drøfting.....	20
6.1 Å så fin du er.....	20
6.2 Å bli sett.....	21
6.3 Ved frukostbordet	23
7.0 Konklusjon og avslutning.....	26
Referanser	28
Vedlegg 1 – Samtykkeskjema	30
Vedlegg 2 – Skjema på løypande protokoll	32

1.0 Innleiing

I denne bacheloroppgåva vil vi ha fokus på likestilling og kjønnsroller, korleis gutar og jenter blir møtt på av personalet. Vi ser på dette som eit relevant tema på bakgrunn av at 93,4% (Statistisk sentralbyrå, 2023) av dagens barn er det barn i alderen eit til fem år som går i barnehage. I alderen tre til fem år er det 97,2% (Statistisk sentralbyrå, 2023) som går i barnehagen. Sidan så stor prosent andel av barn i barnehagealder tre til fem år tilbringar store deler av dagen sin i barnehage, spelar personalet ein stor rolle i barnets oppdragelse. Det er ikkje berre foreldene som står for denne viktige jobben, men også personalet. Norge blir omtalt for å være eit land med høg grad av likestilling. Difor har personalet ein viktig rolle på korleis ein møter barna på. Dei er og med på å sosialisere barna inn i samfunnet. Det er viktig å tenke på kva forventingar vi stiller oss til gutar og jenter, og at vi må passe på å ikkje skape manglande likestilling eller har ein einseitig måte å snakke og tenke på.

Med eit samfunn som blir omtalt med høg grad av likestilling, er det viktig at barnehagen jobbar med dette tema kontinuerleg. I følgje rammeplan for barnehage «*skal barnehagen fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn [...]»* (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10). Videre i rammeplanen står det at barnehagen skal byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper eit likestilt samfunn (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10).

Korleis barn blir møtt og behandla i barnehagen har noko å seie for barnets framtidige liv og levesett. For eksempel viser forskning at jenter og gutar blir behandla ulikt av lærarar i skulen. Lærarar har ofte fastsette oppfatningar av korleis jenter og gutar lærer og er gode til, dette påverkar både elevens læreutbytte og val av fagområde seinare i livet (Bø, 2014, s. 86). Dette kan ein relatere til barnehagen, då barnehagen er ein del av barnets utdanningsløp. Og som nemnt tidlegare går 93,4% av norske barn i barnehagen. Det barn lærer og erfarer i barnehagen av normer og verdiar tar dei med seg resten av livet. For barn i alderen eitt til fem år forgår mykje av sosialiseringssprosessen i barnehagen, og barnehage personalet er i stor grad med på å forme barn til å bli framtidige samfunnsborgarar. Dersom jenter og gutar blir møtt med ulike forventningar og forutsetningar kan dette ha innverknad på jenter og gutars val av for eksempel yrke og utdanning.

Utdanningsdirektoratet og kunnskapsdepartementet har utarbeida ein handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæringa 2008-2010. Målet for denne planen er at barnehagen og grunnopplæringa skal bidra til eit likestilt samfunn der alle skal få nytte sine vener og interesser uavhengig av kjønn. Og at likestilling skal ligge til grunne for all læring og pedagogisk verksemd i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2008). Eit viktig mål med denne planen er at barnehagen

skal fremje likestilling mellom jenter og guttar, og at denne planen er eit ledd i å auke kunnskapen til personalet kring likestilling og likeverd.

1.1 Bakgrunn

Vi er to barnehagelærarstudentar som igjennom vårt utdanningsløp, og etter mange års erfaring i barnehage har vi reflektert mykje om likestilling, og vi er blitt meir bevisste på måten vi samhandlar med guttar og jenter på. Vi har stilt oss spørsmål om korleis vi ubevisst kan møte barn ulikt utifrå om det er guttar eller jenter. Da dette temaet er aktuelt for oss begge to, blei dette naturleg at med ynskja å skrive oppgåva saman om. Sidan vi skriv i fellesskap utviklar vi våre samarbeidsevner, som og er viktig som kommande barnehagelærarar.

1.2 Problemstilling

På bakgrunn av vårt tema og refleksjonar om kring likestilling mellom guttar og jenter i barnehagen, har vi komet fram til følgjande problem stilling:

Møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?

1.3 Avgrensing

Dette er ei mindre oppgåve, der vi har avgrensa tid til rådighet. Difor vel vi å fokusere på møte mellom barn og tilsette ved levering om morgonen. Vi har også valt å sjå på barn i alderen tre til seks år, for å undersøkje om personalet møter barnet forskjellig uavhengig om det er gutt eller jente. Kjønn har fleire betydningar, vi har for eksempel både biologisk kjønn og sosialt kjønn. Det biologiske er det kroppslege forskjellane mellom guttar og jenter. Medan sosialt kjønn handlar om eigenskapar og veremåtar i relasjon med andre menneskjer (Emilsen, 2015, s. 24). I denne oppgåvas samanheng er det sosialt kjønn som har hovudfokus.

1.4 Oppbygginga av oppgåva

Oppgåva vår bygger opp på tidlegare forskning, teori, metode og drøfting. Teoridelen bygger opp på teori som vi meiner er relevant for vår oppgåve. Kva metode vi har brukt og presentasjon av våre funn. I drøftingsdelen drøfter vi våre funn opp mot teorien vi har valt. Vi har sju kapittel i denne bacheloroppgåva, der kapitel 1 begynner med innleiing. Kapittel 2 er tidlegare forskning, her har vi funnet blant anna to tidlegare masteroppgåver. Teorien kjem i kapittel 3 og her har vi teori om kjønn, likestilling og språk som er relevant å bruke i drøftinga. Kapittel 4 handlar om kva metode vi har brukt og kvifor. I kapittel 5 presenter vi funna våre frå undersjøkelsen vår, som vi tar med oss i kapittel 6 som vi drøftar opp mot teorien vi har valt. Til slutt i kapittel 7 kjem vi med konklusjon og avslutning.

1.5 Omgrepsavklaring

I denne oppgåva kjem vi til å komme innom likestilling, kjønn og personalet i barnehagen. Vi har gitt ein kort forklaring i kva som ligger i desse orda, og i neste kapitel kjem vi til å gå meir innom likestilling og kjønn.

Likestilling:

Likestilling handlar om synet på menneske og at både gutar og jenter har like rettigheter, og like moglegheiter. Ordet likestilling kan ha ulik betydning for ulike menneske avhengig av kjønn, alder, utdanning, bakgrunn og livserfaring.

Kjønn:

Kjønn kan sjåast på som både biologisk kjønn (om ein er født jente eller gut) og sosialt kjønn (innverknad frå miljøet eller kulturen eit barn veks opp i). I oppgåva si samanheng vel vi å ha fokus på det sosiale kjønn.

Barnehage personalet:

Barnehage personalet omhandlar alle tilsette i barnehagen, pedagogar, barnehagelærar, fagarbeidar og assistentar. I denne oppgåva har både tilsette og personale same betydning, vi vel å bruke begge omgrepa om kvarandre for å få best flyt i oppgåva.

2.0 Tidlegare forskning

For å undersøke meir kring temaet likestilling og kjønn i barnehagen, gjorde vi fleire søk på Oria.no sin nettbasis. Der vi avgrensa søkeorda til «likestilling» og «kjønn» samt «barnehage». Her fant vi fleire interessante masteroppgåver som omhandla tema vi ynskte å sjå næmare på i vår oppgåve.

Me fant blant anna arbeidet til Borgersen(2014), som i sin masteroppgåve «*Barnehagen som kjønnet rom*» (Borgersen, 2014), ser på korleis barn blir sosialisert inn i kjønnsroller og korleis jenter og gutar blir møtt på med ulike forventningar frå barnehagepersonalet. Her undersøkte ho blant anna korleis kjønn blir synleg gjennom dei vaksne i barnehagen. Korleis personalet i barnehagen tilsynelatande ureflekterte praksis, godtek samhandlingsnormer som ein del av individets identitet. Korleis kjønn blir synleggjort som noko som er lært. Borgersen(2014) gjorde funn som kan tyde på att jenter og gutar blir behandla ulikt på bakgrunn av sitt biologiske kjønn, og at dei søker merksemd kring seg sjølv på bakgrunn av kva som kan være sosialt og kulturelt akseptert som «riktig» kjønnsnorm. Det skjedde ofte at dei kommenterte jentene på kva dei hadde på seg, og kommentarane gjekk ofte på kleda og tilbehøyr sine fargar og fasongar. Medan gutanes kommentarar gjekk meir på kleda sin kulturelle budskap, som for eksempel brannmann. Dette viser at barn allereie frå ein tideleg alder blir forma av sine omgjevnadar og at dei lærer noko om kva som er sosialt og kulturelt akseptert. Når det kjem til for eksempel klede forstår barn tideleg dei kulturelle budskapen klede og artefakt har. Jenter skal være pene og sjå på og gutar skal være tøffe og handlande (Borgersen, 2014, s. 74). Korleis barn vurderer og ser kjønn har ein samanheng med korleis dei blir møtt i livet, som for eksempel i barnehagen. Borgersen(2014) observerte også at mange tilsette i barnehagen framleis kan ha ein stereotypisk haldning til kjønn i sitt møte med barn (Borgersen, 2014, s. 78).

I ein rapport frå det juridiske fakultet ved UIO frå 2012 med tittelen «Stereotypiar om kjønn blomstrar i barnehage og skole» kan vi lese at det kan vere viktigare for vaksne enn for barn å definere kjønn på barn. Og at jenter og gutar blir forskjellsbehandla i måten dei får merksemd og omsorg på. Der blir det også peika på at personalet vise meir merksemd til gutar samanlikna med jenter. Gutar får også meir hjelp enn jentene og gutar fekk meir augekontakt med personalet enn jentene i samtalsituasjonar. Medan jentene er meir tett på dei vaksne, og tek meir kontakt enn gutane. Desse erfaringane gir jenter og gutar ulike erfaringar saman med personalet (Kanestrøm, 2012).

I arbeidet til Nordheim(2009) med tittelen «Et kjønnet blick i barnehagen -finner vi det?» kan vi sjå at personalet i barnehagane ikkje har eit spesielt fokus på å arbeide med likestilling og kjønn. Då fokuset på mykje av arbeide med barn er på individ nivå, blir kjønn meir usynleg i det daglege arbeidet i barnehagen (Nordheim, 2009). Nordheim skriv vidare at personalet i stor grad oppfattar

jenters og gutars åtferd og handlingar forskjellig. Og den kjønntypiske leiken er dominerande. Det blir ikkje i tilstrekkeleg grad lagt til rette for at utradisjonelle val skal bli attraktive og reelle i barnehagekvardagen til barn. Mykje av personalet arbeider utifrå sine egne oppfatningar av kjønn og likestilling, og ikkje alle har same forståing for kjønn og likestilling. Personalet opptredde i stor grad i eit tradisjonelt kjønnsrollemønster. Noko som er med på og vidareføre og reproducere dei tradisjonelle kjønnsmonstera i samfunnet (Nordheim, 2009). Undersøkingane viste at personalet har lav visshet og kunnskap kring korleis barn blir sosialisert eller lært inn i kjønnsrollemønster og individ fokuset synleggjer kjønn og moglegheita til å drive likestillingsarbeid i barnehagen (Nordheim, 2009, s. 80).

I forskings artikkelen « *Tracking gender in kindergarten* » frå 2018 til Kaltvedt og Meland som blei publisert i Jordalen « *Early Childhood Development and care* ». Kor dei undersøkte korleis kjønnsroller blir synlege og framtrede i barnehagen. Nokre av deira funn viser at barnehagepersonalet er med på og oppretthalde tradisjonelle kjønnsroller i barnehagen. Jenter og gutar blir behandla ulikt, jenter får merksemd ved å være søte, snille eller yndige. Medan gutar fekk meir positiv merksemd på ting som fysisk styrkar, å være kul, tøff og sterk. Vidare kjem det fram at gutar får meir tid og merksemd frå personalet i dei fleste situasjonar i barnehagen som leik, samtale og aktivitetar. Jenter der imot blei møtt av ei forventning at dei skulle være stille og vente på tur. Vidare fant dei at jenter blei oppfordra til å delta i omsorgsoppgåver, som å hjelpe til i garderoben med av og på kledning eller å dekke bordet og rydde avdelinga (Meland & Kaltvedt, 2019).

3.0 Teori

Faglitteraturen som er valt er teori som vi meiner er relevant for å belyse vår problemstilling som er: «møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?» I dette kapittelet vil vi gå gjennom omgrepa likestilling og kjønn. Både likestilling og kjønn er to store tema, og vi har derfor valt å sjå nærmare på kva likestilling er, og vi vil trekke ut det som er viktigast for å belyse vår problemstilling. Kjønn er og eit omfattande tema, og vi vil sjå nærmare på nokre element innan kjønn og kjønnsforskning. Vidare vil vi sjå dette i samanheng med sosialiseringsteori, då barnehagen spelar ein stor rolle i barns sosialiseringssprosess og danning frå ein tideleg alder.

3.1 Likestilling og kjønn i barnehagen

I denne oppgåva omtalar vi likestilling som kjønnslikestilling og vi vil komme meir tilbake til kva kjønnslikestilling er seinare i oppgåva. Likestilling handlar om fordeling av godar, makt, deltaking og ansvar mellom individ (Emilsen, 2015, s. 22). Og at jenter og gutar får dei same moglegheitene og blir behandla likt og er likeverdige. Likestilling handlar om å bli sett og høyrte.

Det er to omgrep som ofte blir brukt om kvarandre, likeverd og likestilling, begge omgrepa er nemnt i rammeplanen for barnehagen. Likeverd vil seie at alle individ i ei gruppe har like stor verdi, likeverd kan sjåast i samanheng med eit grunnleggjande menneskesyn om at alle har like stor verdi, og er ofte knytt til mangfald og ikkje spesielt til kjønn (Emilsen, 2015, s. 23). Men begge omgrepa er relevante og bruke i denne samanhengen. Emilsen (2015) seier at om ein skal oppnå likestilling mellom kjønna, må ein og jobbe med vissheit og bevisstheit blant personalet i barnehagen, og kva kvar enkelt av personalet legg i omgrepa, og korleis ein utan og tenkje seg om kan behandle barn ulikt utifrå om det er jente eller gut.

Likeverd vil seie at noko har like stor verdi, omgrepet brukar ein for å understreke at alle menneske har ein ibuande verdi, uavhengig av kjønn, funksjonsnivå, etnisitet og så vidare (snl.no, 2023).

Likestilling handlar ikkje om og fjerne ulikskapen mellom jenter og gutar, men om å få vekk ulikeheitsstillinga som er mellom menneske basert på kjønn (Bø, 2014, s. 15).

Likestilling i barnehagen omhandlar noko anna enn likestilling i heimen (Askland & Rossholt, 2009, s. 23). I heimen er det gjerne snakk om meir tradisjonelle likestillings tema. Barnehagen er ein samfunnsinstitusjon og barnehagen er forplikta til å bygge sin verksemd på bestemmelser gitt i barnekonvensjonen gjennom lovverk, rammeplanen og andre retningslinjer. Barnehagen skal formidle respekt for menneskeverd og byggje på grunnleggjande verdiar som er forankra i menneskerettane (Emilsen, 2015, s. 40). Barnehagen er ein viktig arena for barn utanfor heimen, og personalet spelar ein viktig rolle. Dette stiller krav til dei tilsette i barnehagen, og dei er forplikta til å

skape ein kvardag der den tilsette ser kvart enkelt individ og legger til rette for eit miljø der lek, læring, omsorg og danning er tilpassa barnet sit beste (Askland & Rossholt, 2009, s. 24). Dette betyr i praksis at jenter og gutar skal ha dei same moglegheitene til å utvikle seg i samsvar med sine egne evner og moglegheiter. Likestilling i barnehagen handlar om mykje meir en bere likestilling mellom kjønna. I rammeplanen for barnehagen står det:

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn. Barnehagen skal motverke alle former for diskriminering og fremje nestekjærleik.

Barnehagen skal byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barna møter og skaper eit likestilt samfunn. Alle skal ha like sjansar til å bli sett, høyrde og oppmuntra til å delta i fellesskap i alle aktivitetar i barnehagen. Personalet må reflektere over sine egne haldningar for best mogleg å kunne formidle og fremje likeverd og likestilling

(Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10).

Dette betyr at barnehagen gjennom lover og rammeverk er forplikta til å jobbe med likestilling i sitt daglege pedagogiske arbeid.

Sjølv om likestilling handlar mykje om likestilling mellom kjønna, må ein ikkje sjå seg blind på forskjellane mellom kjønna. Bø (2014) brukar uttrykket kjønnsblind, med dette meina ho at vi som barnehagepersonale ikkje ser at det som skjer rundt oss påverkast av kjønn. I mange barnehagar kan det vere ein utbrett tanke om at ein ikkje ser kjønn, eller at personalet ikkje gjer forskjell på jenter og gutar. Men gjennom observasjon av tilsette ser ein at ein gjer forskjell på jenter og gutar. Det er observert at personalet har ulike forventningar til jenter og gutar og at dei ikkje blir behandla likt. Vi er blinde for det vi faktisk gjer (Bø, 2014, s. 22). Henkel og Tomicic har eit eksempel på ein bringesituasjon der førskulelærer Solveig: «*Hei Filip, så fint at du kommer. Kom skal vi gå og se hva gutene gjør!*» (Henkel & Tomicic, 2011, s. 110). Dette skjer med omtanke for barna, men det som også eigenleg skjer i kvardagen er at vi kjønna barna. Når vi tilfeldig vis seiar «her er gutane», eller «her er jentene», da forteljar vi barna at kjønn er viktig, og at jenter skal være med jenter og gutar skal leike med gutar (Henkel & Tomicic, 2011, s. 110). Å jobbe med likestilling i barnehagen er noko personalet er pålagde gjennom rammeplanen. Men berre det å jobbe med å skape eit kjønnsnøytralt miljø i barnehagen er ikkje nok, det kan for eksempel dekke over at det er ulike syn på kjønn i personalgruppa. Synet på at jenter og gutar så og seie er like i utgangspunktet, men blir gjort ulike gjennom sosialiseringa, og synet på at jenter og gutar er essensielle ulike. Når personalet kan ha eit så variert syn på kjønn, kan det ha innverknad på måten ein jobbar på (Bø, 2014, s. 22). Personalets fordeling av arbeidsoppgåver har innverknad på kva barna tar med seg vidare som «normale» ferdigheiter for kvinner og menn. Om det er menna i barnehagen som tar med seg barna i uteleiken,

på fisketur eller i snekkar boden, og kvinnene som tar seg av omsorgsoppgåvene som vasking og rydding på kjøkkenet. Dette blir då kjønnsstrukturar som personale vidarefører til barna i barnehagen, og fordeling av oppgåver skjer i eit kjønnsblindt perspektiv. Som pedagog må ein vere observant og kunne legge merke til korleis kjønna kjem til uttrykk, og korleis dette påverkar situasjonen ein er i (Bø, 2014, s. 23).

Kjønn kan sjåast på frå fleire synsvinklar, i dagens samfunn er det mange måtar og være jente eller gut på. Sjølv om det biologisk sett er forskjell på jenter og gutar, har ikkje denne biologiske forskjellen alltid noko å seie. Måten ein blir sosialisert inn i eit samfunn på har og innverknad på korleis ein ser og forstår kjønn. Aasebø og Melhuus (2005) seier at det er vesentlege biologiske forskjellar på jenter og gutar, samtidig er det dei sosiale og psykologiske kjønns forskjellane som speglar seg i relasjonar, interesser, handling og åtferd noko som er ein del av sosialiseringprosessen i eit samfunn. Då det og har vore kulturelle bitinga, kva forventningar vi har til kjønn og kva oppfatning ein har av jenter og gutar. Derfor er kjønn noko som ein fyrst og fremst ikkje er, men noko ein blir (Aasebø & Melhuus, 2005, s. 68). Altså at det kan være biologiske forskjellar på jenter og gutar, men at desse forskjellane kan forsterkast eller reduserast gjennom miljø, det samfunnet og kulturen ein til ein kvar tid er ein del av.

Kjønn kan ofte bli brukt som ein måte og forklare åtferd på. Gutar kan bli omtalt som tøffe og modige medan jenter ofte blir omtala som omsorgsfulle og rolege. Kjønn er ein integrert del av den sosiale samhandlinga og samspelet i samfunnet og i barnehagen. Kjønn er blitt ein måte vi både ser, namngjev, møter og kategoriserer barn på, og er eit grunnleggande kjenneteikn i menneskets liv (Stordal, 2015, s. 73). I følge Bø (2014) har vi menneske eit behov for å kategorisere våre tankar og inntrykk av det vi opplever og erfarer. Kjønn blir då ein kategori der vi sorterer våre inntrykk og forventningar. Kjønn fortel oss då noko om ordnar-strukturar- samfunnets arbeidsfordeling, og gir grunnlag for identitetsdanning og pregar heile kulturens symbolisering og kategorisering av verkelegheita (Bø, 2014, s. 25). Kjønn kan då ubevisst ha innverknad på korleis vi fortolkar andre menneskje vi møter, på bakgrunn av om det er ei jente eller ein gut.

3.2 Kjønnslikestilling og kjønnsroller

Kjønnslikestilling i barnehagen omhandlar det å fjerne ulikstilling mellom barn på bakgrunn av kjønn. Alle barn i barnehagen må få like rettar og moglegheiter til og bli sett og høyrte. Barn må få dei same moglegheitene og retten til å bruke utstyr, leikar og rom både inne og ute. Det betyr og at alle barn har rett til å få støtte, rettleiing og hjelp frå personalet, uavhengig av kjønn, etnisitet eller sosial bakgrunn (Askland & Rossholt, 2009, s. 26). Rossholt seie at jenter og gutar skal være likeverdige i

barnehage, der det blir gitt rom for lek og læring og anledning for både jenter og gutar, ut ifrå deira alder og modnad. Likeverdstanden kjem fram i lov om barnehagar § 2: *Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosial, etniske, og kulturelle bakgrunn* (Kunnskapsdepartementet, 2006). Her er det direkte uttalt att kjønn skal vere noko ein tar omsyn til i det daglege virket i barnehagen. Lova seier at kjønnslikestilling skal være ein del av barnehagens fokus (Emilsen, 2015, s. 45).

Kjønnsroller omhandlar forventningar og rollar som jenter og gutar har og får tildelt i det samfunnet dei er ein del av. Og korleis jenter og gutar tilpassar seg forventningar og krav som ligger til det kjønn dei tilhøyrar, korleis barn (og vaksne) tilpassar seg til det som blir antatt som viktig og passande handlingsmønster. Kjønnsroller kan være eit statisk omgrep då omgrepet ikkje alltid lar seg endre, dermed vidareføre element i rolleteorien og vi får då omgrepet «doing gender» eller «å gjøre kjønn» Nyheim, Solbakk og Aarseth 2006 i (Emilsen, 2015, s. 26). Det er i samhandling med andre at ein trer inn i dei kjønnsrollene samfunnet forventar. Kjønn er då ein sosial konstruksjon. Barnas kjønnsidentitet eller kjønnsroller blir danna i interaksjon med andre heilt frå fødselen av. Gjennom interaksjon med andre, foreldre, jamaldrande barn, media, barnehage også vidare. Barn lærer kva som er forventa av dei på ulike arenaer og kva forventningar som er knytt til kjønn. Barn regulerer sin åtferd etter kva forventningar, normer og reglar dei møter i samfunnet. Jenter blir omsorgsfulle, empatiske og flinke fordi samfunnet rundt dei bevisst og ubevisst forventar dette av dei. Medan gutar blir aktive, fysiske og utagerande, fordi dette er forventningar dei møter i samfunnet (Stordal, 2015, s. 77). Innanfor sosial konstruksjonistisk perspektiv ser ein på individet som aktivt og handlande. Det vil seie at menneske skape mening seg i mellom. Identitet er relasjonell og ein del av det sosiale, og blir skapa i interaksjon mellom menneske (Larsen & Slåtten, 2019, s. 70).

3.3 Språk

Diskurs betyr tale, samtale eller drøfting. Diskurs er eit sett med omgrep, formuleringar og problemstillingar som ligger nedfelt i språket, og som alle er ein del av i ein gitt kultur. Ein diskurs er ein samanhengande rekke av kroppslege og språklege praksisar som gjev mening (Askland & Rossholt, 2009, s. 47). Diskurs kan seiest å være måten vi snakkar om noko på.

Språket har mykje og seie for korleis vi forstår kjønn og måten ein snakkar på. Korleis ein ordlegar seg har mykje og sei for korleis barna oppfattar om det er gut eller jente (Bø, 2014, s. 158). For val av ord i det daglege er ikkje tilfeldig, men ein er ikkje alltid bevisst på det heller (Emilsen, Friis, & Hornslien, 2015, s. 144). Jenter får ofte høyre at dei er fin og gutane får ofte høyre at dei er tøffe. Som tilsett i

barnehagen møter ein ofte barnet som individ og ikkje berre på det overflatiske. Ein møter som oftast barna med namn og ser kven dei er, i staden for å kategorisere dei etter kjønn (Bø, 2014, s. 158). Ein tenker heller ikkje i fyrsteomgang på at dette har så stor betydning, og som tilsette tenker vi at det viktigaste er at begge kjønn får oppmerksomheit og anerkjennast for den dei er (Emilsen, Friis, & Hornslien, 2015, s. 144). Kva signal sendar vi når jenter for høyre at dei er fine og gutane får høyre at dei er tøffe? Når ein ser ei jente i kjole vekker det ofte nokon følelsar hos oss, slik at ein ofte kommenter at ho er fin og søt, og har fin kjole også vidare. Det er lettare å sjå og møte barnet overflatisk når ein har kjole, flette og smykke på seg og at dei kanskje pyntar seg som for eksempel Elsa i filmen Frost. For ein gut som kjem inn i jeans og genser får ikkje alltid like mykje oppmerksomheit som jentene som kjem i kjolar (Henkel & Tomicic, 2011, s. 71). Ut i frå dette lærer både gutar og jenter «*at jenter er objekter, noe som skal være vakkert å se på*» (Henkel & Tomicic, 2011, s. 71). Ein bekreftar kjønnnet gjennom klesdrakt og korleis ein ser ut når ein blir møtt av tilsette om morgonen. Når ein snakkar med barn kan ein også kanskje merke at ein endrar tonefallet ut i frå om det er jente eller gut ein snakkar med (Emilsen, Friis, & Hornslien, 2015, s. 144). Ein bruker kanskje oftare lysare tonar til jenter og mørkare tone til gutar når ein snakkar. 80% av det vi formidlar skjer gjennom kroppspråket, så kroppsspråket er også ein viktig del av kommunikasjonen og språket med barn (Emilsen, Friis, & Hornslien, 2015, s. 146). Kroppsspråket skjer gjennom blikk, haldning, mimikk og gestar (som for eksempel hand bevegelser) korleis vi brukar kroppsspråket vårt skjer både bevisst og ubevisst.

4.0 Metode

I dette kapitlet skal vi gjere greie for metoden vi har brukt for å belyse vår problemstilling «*møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?*».

Før vi gjekk i gong med undersøkinga, var det viktig å ha kjennskap til dei ulike metodane og korleis ein brukar dei. Som Dalland skrivar er «*metoden vår redskap i møte med noe vi vil undersøke*» (Dalland, 2017, s. 52). Det finnes fleire forskjellige former for metode, men det er berre to hovdetypar. Desse to er kvalitativ og kvantitativ metode. Forskjellen på kvalitativ og kvantitativ metode er at kvantitativ metode «*går på mengden eller graden*» (Løkken & Søbstad, 2013, s. 34) og er nøye fastlagt på forhånd. Kvantitativ metode handlar om å ta «*sikte på å fange opp mening og opplevelse som ikke lar seg tallfeste eller måle*» (Dalland, 2017, s. 52).

4.1 Val av metode

Får å få svar på vår problemstilling «*møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?*», valde vi kvalitative metode, dette fordi vi ynskja å gå i djupna. Ved å bruke denne metoden gir det oss meir individuell informasjon, når vi skal sjå på om personalet møter barna likt uavhengig av kjønn.

Vi har valt å bruke løypande protokoll som datamateriale, da vi har avgrensa med tid til rådighet. I løypande protokoll er det vi som studentar som er observatøren og har dette som primær oppgåve (Bjørndal, 2017, s. 33). For å gjennomføre løypande protokoll (sjå vedlegg nr 2 for oppsettet til skjema) trenger vi ikkje meir enn ein blokk og blyant for å noterer samanhengande det som skjer (Bergsland & Jæger(red.), 2022, s. 37). Vi observerer om morgon i bringesituasjonen for sjå etter om barna blir møtt likt av personalet i forhold til kjønn. Grunnen til at vi har valt å sjå på bringesituasjonen om morgon er fordi at det er eit mindre areal å forhalda seg til og at dette er en stor moglegheit til å sjå om personalet behandlar gutar og jenter likt i forhold til kjønn og likestilling. Tida vi bruker på å observere om morgonane er satt til ein time frå barnehagen opnar. Vi valte å observere kvar vår barnehage vi kjente frå før, frå vår praksisperiode for å sjå om det var ulikheiter på om personalet møter barna likt uavhengig av kjønn. Dette gjer å at barna kjenner oss i frå før og dei er mindre framand for oss.

4.1.1 Observasjon som metode

Observasjon handlar om å «*legge merke til, undersøke og eller holde utkikk med noe*» (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). Ved å bruke observasjon brukar vi sansane våre til å hjelp oss med, slik at vi kan notere ned og gå inn å tolke det etterpå. Det vil si at når vi skal gjennomføre løypande protokoll må

ein være våken, slik at ein får med seg det som skjer. Å bruke løypande protokoll må ein på forhånd bestemme seg for kva ein skal sjå etter, altså at ein setter søke lyset mot det vi ynskjer å få meir kunnskap om (Løkken & Søbstad, 2013, s. 40). Dette fordi at det er mangfaldig og inntrykka er store i verkelegheita, noko som også gjer at ein må begrense seg. Ein kan også sjå observasjon på to ulike former. «Observasjon av første orden, er når pedagogen, studenten eller andre observerer den pedagogiske situasjon og har dette som primær oppgåve» (Bjørndal, 2017, s. 33). Det vil si at den som observere ikkje har andre primære oppgåver når observasjonen blir utfør og at dette sikrar høg kvalitet i observasjonane. Den andre forma som finnes er «*observasjon av andre orden, der lærarens eller veilederens kontinuerlige observasjonar av den pedagogiske situasjonen han eller hun sjølv inngår i*» (Bjørndal, 2017, s. 33). Dette vil si at observasjonen gjennomførast samtidig som aktiviteten pågår og har andre primære oppgåver samtidig. Ein kan skile observasjonar mellom ustrukturerte og strukturerte observasjonar, der vi har valt å gjennomføre strukturerte observasjonar.

4.1.2 Strukturerte observasjonar

Å gjennomføre strukturerte observasjonar slik som vi har valt, handlar det om at vi synst vi får meir ut av disse observasjonane en dei ustrukturerte. Strukturerte observasjonar krevjar meir planlegging enn dei ustrukturerte observasjonane (Dalland, 2017, s. 104) og for å belyse vår problemstilling «møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?» la vi observasjonen til bringesituasjonen. Vi hadde ein meir tilbaketrekt rolle, slik at vi kunne skrive ned det som skjedde ved bruk av løypande protokoll. Når ein tar rolla som observatør må vi velje posisjonen vi vil observere i frå, dette kan avgjere betydninga av observasjonen (Dalland, 2017, s. 107). For i og med at vi kjenner barnehagane vi observerer i er det ikkje alltid like enkelt å gjere seg usynleg. For ein må be personalet om å være seg sjølv, slik at dei oppfører seg slik som ein pleier (Dalland, 2017, s. 107).

4.2 Validitet og reliabilitet

Validitet og reliabilitet er kvalitetsmål for vitskapelege studiar. Dette for at metoden skal kunne gi toverdig kunnskap, betyr det at validitet og reliabilitet må være oppfylt (Dalland, 2017, s. 40). I forhold til vår problemstilling «Møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?» skal temaet som vi undersøker ha validitet, som betyr at det som undersøkast skal være relevant og ha gyldigheit (Dalland, 2017, s. 40). Gyldigheitene kjem når vi observere dei same tilsette over tid. Med reliabilitet meinast at det vi undersøker skal være korrekt utført og at med feilmarginar anse det å være påliteleg. Eksempel på dette er at vi ser situasjonen annleis enn den tilsette som står i situasjonen. Det handlar om korleis ein ordlegge seg, for eksempel med tone fallet og kroppsspråk. Det er ikkje sikkert det var meininga at det skulle tolkast slik. Med slike observasjonar er det individuelt korleis ein tolkar det som ein kjem fram til, og på bakgrunn av disse observasjonane kjem vi til å presentere

våre tankar på kva vi såg i bringesituasjonen i barnehagane. Noko andre feilmargar vi kan ha, er at vi er i barnehagar vi kjenner frå før. Så da er det kanskje lettare å avbryte ein observasjon vis det skjer noko eller at barna kjem lettare bort å spør kva me gjer på, slik at vi som observatørar ikkje får med oss alt som skjer. Ein vil også få nokon feilmargin på observasjonen som gjennomførast fordi ein observere fleire tilsette og ikkje berre ein. Kjem det fleire barn inn døra samtidig er det ikkje sikkert alle blir møtt likt og det er heller ikkje sikkert barnet blir møt likt som dagen før, om det kjem mange samtidig i garderoben.

4.3 Etske refleksjonar

Vi som studentar skal vise omsyn til våre deltakarane i observasjonen. Det vil si at dei skal kunne bestemme over sin egen deltaking om dei vil bli observert eller ikkje. Informasjon som gis til deltakarane skal være nøytral og ikkje oppfattast som at dei må delta i forskinga (Bergsland & Jæger(red.), 2022, s. 47). Dei skal sjølv få bestemme om dei vil være med og dei har moglegheit til å trekke seg utan at det skal få negative konsekvensar for oss. I og med at vi observer både personalet og barna har vi fått skriftleg samtykke frå både dei tilsette og styrar i barnehagen som har godkjent i forhold til barna (sjå vedlegg nr 1). Vi har også skrevet under taushets erklæring for barnehagen. Når vi er i barnehagen for å observere må vi bygge tillit til dei vi observerer. For dei handlar det om å være seg sjølv når dei møter barna. Vi er ikkje ute etter å ta nokon og vi skal respektere dei tilsette når vi observere. Har ikkje vi tillit og viser respekt til dei vi skal observere har ikkje dei tillit og respekt til oss (Løkken & Søbstad, 2013, s. 70). Alle observasjonar vi tar undervegs blir anonymisert, før det er nokon andre enn oss skal lese dei (Dalland, 2017, s. 120). Dei vil bli anonymisert med fiktive namn slik at det ikkje kan finne ut kven det kan være eller frå kva barnehage observasjonane er gjort. Dette er med på å skape trygghet for personalet vi skal observere.

4.4 Omarbeiding av observasjonane

I neste kapitel skal vi analyserte datamaterialet vi har innhenta. Dette er observasjonane vi har gjennomført. Når vi analyserer observasjonane utfører vi granskingsarbeid, for å finne ut kva som ligger i materialet vi har å fortelje (Dalland, 2017, s. 229). Her vil vi presentere tre av våre observasjonar. Desse tre observasjonane som vi har valt, har vi plukka ut da vi så dei som mest relevant til vår problemstilling som omhandlar kjønn.

5.0 Presentasjon av funn

I dette kapitlet vil me presentere våre funn i forbindelse med observasjonar som vi har gjennomført til problemstillinga: «Møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?»

Funna vi har gjort på observasjonane er gjennomførte på tre ulike avdelingar med barnegrupper frå alderen tre til seks år. Dei tilsette som er blitt observert varierer frå vikar til pedagogisk leiar, sjølv om vi her presenterer tre observasjonar der det berre er pedagogisk leiar og fagarbeidar.

Observasjonane omhandlar møtet mellom barn og personale i bringesituasjonen om morgonen. Alle observasjonane våre er anonymisert og har fått fiktive namn. Vi beskriver her tre av observasjonane vi syns er interessante å kunne ta med oss inn i drøftingsdelen i neste kapitel. Vi har tre observasjonar som har fått titlane, «så fin du er», «å bli sett» og «ved frukostbordet». Dei tre titlane vil også komme igjen i drøftinga.

5.1 «Så fin du er»

Observasjon mellom jente 3.10år (Sara), pedagog (Kari) og fagarbeidar (Sandra).

Sandra: God morgon Sara, lang flette i dag...

Sara: smiler og held opp fletta si.

Kari: så stilig flette du har i dag Sara. Har du pynta deg?

Sara: smiler til Kari og peiker på kjolen sin

Sandra: du er ei fine jente.

Kari: er du Elsa? Ja, eg ser du har Elsa på kjolen din og.

Tolking: her blir jenta møtt og sett på bakgrunn av utsjånaden og ikkje personlegdom. Jenta får bere merksemd på korleis ho ser ut, og kva ho har på seg. Personalet fokuserer kunn på det overflatiske og ikkje på jenta som eige individ.

5.2 «Å bli sett»

Observasjon mellom pedagog (Jenny), gut 5år (Elling), gut 5,1år (Lars), jente 3,1 år (Nina) og ein pappa.

Jenny sitter ved vasken saman med Lars som skal vaske hendene sine, men Lars er lei seg for mamma gjekk. Dei sitter å snakkar saman før Jenny seier til Lars at her kjem det to til og seier hei til Nina og Elling som kjem saman med pappaen.

Elling: eg så kattebæsj utanfor gjerdet.

Jenny: har det vært katt her.

Elling snakkar vidare.

Jenny: begynner å synge på ein song om ein katt og ser bort og snakkar med pappaen.

Pappaen fokuserer på Nina, da ho er meir til stade og Jenny må sjå etter Lars og dei andre barna litt før ho kjem tilbake til garderoben.

Pappaen snakkar til Elling og seier han må kle av seg, da Nina er ferdig og klar går ho inn å leiker.

Jenny ser bort til pappaen og seier 10?-20?, da ho ser han er litt lei av å gjenta fleire gongar.

Pappa forsettet å gjenta at Elling må kle av seg.

Elling: eg vil ikkje kle av meg.

Jenny: fort deg før pappa skal gå.

Pappa: gå inn og lag ferdig morsdags gåva.

Etter mykje oppmuntring kler Elling av seg, går bort til vaksen og vaskar hender.

Elling får sagt hadet til pappa.

Tolking: Er at Nina er klar for barnehagen og gjer det ho får beskjed om. Elling har så mykje på hjarte at han gløymer kva han skal gjere. Da blir det til at han går å vimsar i gangen og ikkje vil kle av seg.

Pedagogen hjelper til med å snakke til Elling med at han må skunde seg før pappa går. Elling får og meir oppmerksomheit enn Nina både av pedagogen og pappaen. Lars blir «gløymt» av Jenny, da det skjer så mykje i garderoben og Elling.

5.3 Ved frukostbordet

Observasjon mellom gut 4,3år (Ole) og fagarbeidar (Birte)

Det er tideleg på morgonen og tre andre barn har alt komme på avdelinga. Fagarbeidaren og dei to jentene og guten sitter ved borde og er klare til å ete frukost. Ole kjem inn døra med matboksen i hendene.

Birte: God morgon Ole, ååå har du med deg den i dag (matboksen)?

Ole smiler tilbake og finner seg ein stol ved bordet.

Birte: den var fin! (matboksen).

Ole opnar matboksen sin. Birte set ein kopp på bordet framføre Ole

Birte: vil du ha rød eller rosa mjølk?

Ole: peikar på den røde mjølka.

Birte: den er god, og tømmer mjølk i koppen til Ole.

Tolking: fagarbeidar gjer ingen spesiell forskjell i måten ho møter Ole på. Men ho lar ikkje Ole prøve sjølv, verken med å ta seg ein kopp eller å tømme mjølk i koppen på eiga hand. Ho hjelper han med

enkle oppgaver som han i utgangspunktet kan mestre på egenhand. Om han får litt tid til å gjøre det. Birte opptrer som ein god omsorgsperson som vil legge til rette for at barna skal få ein god start på dagen.

6.0 Drøfting

I dette kapitlet vil vi drøfte funna våre opp mot teorien og tidlegare forskning vi har skrevet om, dette vil danne grunnlaget for drøftinga og diskusjonen vidare i kapitelet. Vi tar igjen kategoriane frå forgje kapitel. Dei kapitela er *Å så fin du er*, *Å bli sett og Ved frukostbordet*. Dette vil vi drøfte oppimot vår problemstilling «møter personalet barna likt uavhengig av kjønn» som utgangspunkt».

6.1 Å så fin du er

I denne observasjonen handlar det om ei jente 3,10 år Sara og to tilsette som er fagarbeidar og pedagog. Ut i frå denne observasjonen kan vi sjå at Sara blir møtt med bakgrunn i kjønn. Denne måten å bli møtt på, samsvarer i det Stordal (2015) seier at kjønn er blitt ein måte vi både ser, namngjev og kategoriserer barn på. Tilsette møter barn med å seie namnet på barnet når dei kjem om morgon, men ein kan også sjå i denne observasjonen at dei tilsette har fokuset på det overflatiske og ikkje Sara som eit individ. Det byggjar opp under tradisjonelle kjønnsroller der vi har forventingar til korleis jenter skal være og korleis gutar skal være. Barna lærer kva som er forventa av dei på ulike arenaer og kva forventingar som er knytt til kjønn. Når dei tilsette møter Sara med å kommenterer «så lang fine flette i dag» og «har du pynta deg», ser ikkje personalet Sara på som eit individ, men på det overflatiske. Sara hadde på seg kjole som var ein Elsa kjole og ho hadde lang flette. Personalet er her med på å bekrefte kjønnet gjennom klesdrakta og korleis ho ser ut når ho blir møtt av personalet. Som Henkel og Tomicic seier er dei tilsette med på å lære barna at «*jenter er objekter, noe som skal være vakre å se på*» (Henkel & Tomicic, 2011, s. 71), da det er andre barn til stade på avdelinga. Det same kan vi sjå i rapporten til Meland og Kaltvedt (2019) at jenter får mest merksemd på å være søte, snille og yndige. Skal personalet sjå Sara som individ og ikkje på det overflatiske, bør dei tilsette endre haldningar på korleis ein ser barna om morgon og korleis ein snakke med dei. Dette blir som Emilsen (2015) seier at skal ein oppnå likestilling og kunne sjå barna likt mellom kjønna, må ein jobbe med vissheit og bevisstheit blant personalet i barnehagen, og korleis ein utan og tenkje seg om kan behandle barn ulikt utifrå om det er gut eller jente. Likestilling handlar om å bli sett og høyrte. Som Bø (2014) seier handlar ikkje likestilling om og fjerne ulikskapen mellom jenter og gutar, men om å få vekk ulikheits stillinga som er mellom menneske basert på kjønn. Eller som rammeplan seier «*skal barnehagen fremje og likeverd og likestilling uavhengig av kjønn, funksjonsevne, seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk, etnisitet, kultur, sosial status, språk, religion og livssyn*» (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10). Det vil si at alle skal bli møtt likt og gjerne som eit individ og ikkje på det overflatiske slik som Sara blei. I barnehagen blir det stilt krav til personalet på at dei skal sjå kvart enkelt individ og legge til rette for eit miljø der leik, læring, omsorg og danning er tilpassa barnet sitt beste (Askland & Rossholt, 2009, s. 24). Da det blir stilt krav

til dei tilsette om at dei skal sjå kvart enkelt individ, da er det ein god moglegheit å begynne om morgonen når dei tar i mot barna. Om dei tilsette legger for mykje på det overflatiske når barn kjem om morgon blir det slik Borgersen fant i sitt studie om at jentene får kommentarar på det dei hadde på seg, slik som kleda og korleis dei ser ut og at gutane fekk høyre kommentarar som gjekk på dei kulturelle budskapen på kleda som for eksempel kor tøff traktorgenser du har. Det vil si at barna lærer frå ein tidleg alder om at dei må kle seg fint slik som Sara for at dei skal få fine kommentarar. Dei lærer også i ein tidleg alder av å bli forma av sine omgjevnadar og lærer kva som er sosialt og kulturelt akseptert i samfunnet. Sara lærer at ho må kle seg fint fordi jentene skal være pene å sjå på og gutane lærer at dei må kle seg «tøft» for å bli sett på som tøff og handlande (Borgersen, 2014, s. 74). Korleis dei tilsette ser og forstår kjønn og korleis dei møter barn om morgon er med på å hjelpe barna med å blir sosialisert inn i eit samfunn. Skal Sara bli sosialisert inn i samfunnet må vi ha forventingar til kva kjønn er og finne ut kva oppfatningar ein har av jenter og gutar. Jentene blir ofte omtalt som omsorgsfulle og rolege i tillegg til at det skal være pene og sjå på. Mens gutane ofte blir omtalt som trette og modige. Ein kan sei at alle barn i barnehagen, om det er Sara eller om det eit av dei andre barna, så skal dei få like retter til å bli sett og høyrte. Det vil også sei at alle skal blir sett for den dei er og ikkje korleis det går kledd og få kommentarar på det.

6.2 Å bli sett

I denne observasjonen er det fleire barn som kjem samstundes i barnehagen og pedagog Jenny må forholde seg til tre barn og ein forelder samtidig. Vi ser at ho prøver og fordele merksemda på alle saman, men alle har ulike behov. Vidare ser vi at Jenny må snu seg vekk ifrå Lars som er ved vasken for å møte dei to neste barna som kjem. Elling er oppteken med det han har observert på veg til barnehagen og ynskjer å dele dette med dei andre. Nina er klar for å komme inn på avdeling, ho kler av seg ytter kleda sjølv og går til vasken for å vaske hendene. Nina er klar over kva som skal skje vidare og kva som er forventa av ho i denne situasjonen. Nina er bere 3,1 år men viser at ho kan gjere det som er forventa av ho når ho kjem til barnehagen om morgonen. Å lære barna og være sjølvstendige er noko dei fleste norske barnehagar jobbar med. Dette er ein del av barnehagekulturen og det norske samfunnet uavhengig av kjønn. Det at Nina allereie som tre åring tar av seg ytter kleda og går inn for å vaske hendene kan ein sjå i samheng med det Stordal (2015) seier, at jenter blir sosialisert inn i samfunnet til å bli omsorgsfulle, empatiske og flinke. Dersom Nina ynskjer å framstå som ei flink jente, må ho gjere det som blir forventa av ho. Nina får på langt nær så mykje merksemd som Elling. Dette samsvarer med funna til Meland og Kaltvedt (2019) som såg noko av det same i sine undersøkingar.

Elling på fem år er ikkje like klar for å starte dagen i barnehagen. Han krev meir merksemd frå både far og pedagog, han er oppteken av og prate og har mykje han vil fortelje. Både far og pedagog gir han den merksemda han har behov for, for å kunne snakke seg ferdig. Jenny må hjelpe far med å få Elling klar til å seie ha det, slik at han kan gå. Samtidig prøver Jenny og far å gjere avskjeden om til ein konkurranse, slik at Elling skal komme i gang og bli fortare ferdig. Pedagogen prøver og få Elling til å bli meir handlekraftig slik at overgangen skal gå raskt, dette kan samanliknast med det som Borgersen (2014) seier at gutane skal være tøffe og handlande, det er slik dei får sosial aksept (Borgersen, 2014). Det kan framstå som om Jenny bygger opp under dette, då ho prøver å få overgangen til og bli noko med fart og spenning, altså ein konkurranses om å bli raskt ferdig. Elling får også all merksemda frå både far og Jenny når han ikkje vil kle av seg ytterklede sjølv. Dette kan vi sjå igjen i funn i rapporten til Kanestrøm (2012) at jenter og gutar blir forskjellsbehandla i måten dei får merksemd og omsorg på. Her blir det også peika på at personalet vise meir merksemd til gutar samanlikna med jenter. Gutar får også meir hjelp enn jentene og gutar fekk meir augekontakt med personalet enn jentene i samtalsituasjonar. Desse erfaringane gir jenter og gutar ulike erfaringar saman med personalet (Kanestrøm, 2012).

I denne observasjonen kan vi sjå at Elling får mykje meir merksemd og hjelp en Nina. Elling må heile tida ha stadfesting på det han gjer og seier og begge dei vaksne i situasjonen gir han det. Han får stadfesting og merksemd på det han seier og hjelp til å komme vidare i leveringssituasjonen. Nina derimot forstår situasjonen og gjer det som er forventa av ho i denne overgangen, Nina får heller ikkje noko spesiell munnleg stadfesting på korleis ho har det eller om det har vore ein god morgon for ho. Nina får heller ikkje så mykje merksemd frå Jenny eller far, ho er «snill» jente og gjer det ho skal og må. I følge Emilsen (2015) handlar likestilling om at jenter og gutar får dei same moglegheitene, blir behandla likt og er likeverdige. Altså at begge har den same verdien uavhengig av kjønn. Men dersom personalet ubevisst har ulike forventningar til jenter og gutar kan dette ha innverknad på korleis ein tar i mot barn på avdelinga om morgonen. Som Stordal (2015) seier kan kjønn ofte bli brukt som ein måte og forklare åtferd på, kjønn blir då ein integrert del av den sosiale samhandlinga mellom menneske. Og eit grunnleggjande kjenneteikn i menneskets liv (Stordal, 2015). I denne samanhengen kan vi seie at både far og Jenny kan forvente forskjellige ting frå Elling og Nina, utifrå sine egne erfaringar omkring deira forståing av kjønn og kjønnsroller. Dersom pedagogen handlar utifrå sin egne oppfatning av kva kjønn er og skal være, kan ho ubevisst vidareføre tradisjonelle kjønnsmonster til barna i barnehagen. Jenny bygger då opp under det som er antatt som viktige og passende handlingsmonster og forventningar som jenter og gutar får tildelt i samfunnet. Dette ser vi også i situasjonen med førskulelærer Solveig og barnet Filip som Henkel og Tomicic skriv, «*Hei Filip, så fint at du kommer. Kom skal vi gå og se hva guttene gjør!*» (Henkel & Tomicic, 2011, s. 110). Solveig formidlar da til Filip at kjønn er viktig. Når ein omtalar barna med

namn i staden for å bruke gut eller jente, ser ein barna som eit individ og ikkje som eit objekt. Observasjonen mellom Elling, Nina og Jenny, ser vi at ho seier namna på barna og ikkje nemner dei med gut eller jente. I observasjonen med Jenny og Elling omtalar ho ikkje dei som gutar eller jente, men referer til ein aktivitet i staden for. For Bø (2014) brukar uttrykket kjønnsblind og med dette meina ho at vi som barnehagepersonalet ikkje ser det som skjer rundt oss som påverkast av kjønn. Ein kan sjå at Solveig blir kjønnsblind, da ho seier til Filip at «kom skal vi gå inn å leike med gutane» (Henkel & Tomicic, 2011, s. 110).

I mange barnehagar kan det vere ein utbrett tanke om at ein ikkje ser kjønn, eller at personalet ikkje gjer forskjell på jenter og gutar. Men gjennom observasjon av tilsette ser ein at ein gjer forskjell på jenter og gutar. Det er observert at personalet har ulike forventningar til jenter og gutar og at dei ikkje blir behandla likt. Vi er blinde for det vi faktisk gjer (Bø, 2014, s. 22). Det er i samhandling med andre at ein trer inn i det kjønnsmonsteret som samfunnet forventar av ein og dette er med på og skape eins identitet. Menneske skapar mening seg i mellom, identitet er relasjonell og ein del av det sosiale, og blir skapt i interaksjon mellom menneske (Larsen & Slåtten, 2019, s. 70). Når barnehagen er pålagde og jobbe med likestilling gjennom lovverket, kan det ikkje vere opp til kvar enkelt pedagog eller tilsett å definere kva denne jobben går ut på og korleis dette skal foregå i det dagleg arbeidet og samhandling med barn i barnehagen. Dette betyr i praksis at personalet må jobbe målretta kring bevisstgjerung av kva det vil seie og vere jente eller gut i dagens samfunn. Val som jenter og gutar tar er ikkje alltid så frie og individuelle som ein tenkjer, personalet er rollemodellar. Men kjønnsstypiske haldningar kan bli vidareført av personale dersom ein ikkje reflekterer over eigne haldningar og aukar kunnskapen sin kring kjønn og likestilling, først då kan ein skape ein trygg og støttande barnehage (Meland & Kaltvedt, 2019). Likestilling handlar ikkje om å fjerne ulikskapen mellom jenter og gutar, men om å få vekk ulikheits stillinga som er mellom menneske basert på kjønn (Bø, 2014, s. 15). Det kan være tilfeldig at Elling og Nina ikkje fekk same merksemd når dei kom til barnehagen denne morgonen, men dersom personalet ikkje er merksam på ubeviste haldningar og forventningar mellom jenter og gutar kan ein risikere å vidareføre dette. Jenter og gutar skal ha like moglegheiter til å bli sett og høyrd for den dei er som individ. Som pedagog må ein vere observant og kunne legge merke til korleis kjønn kjem til uttrykk, og korleis dette påverkar situasjonen ein er i (Bø, 2014, s. 23).

6.3 Ved frukostbordet

Denne observasjonen omhandlar ein gut på 4,3 år Ole og fagarbeidaren Birte.

Det er allereie tre barn på avdelinga når Ole kjem om morgonen, barna som er der skal til og ete frukost og sitter ved bordet. Ole kjem inn og fagarbeidar Birte helsar på han med namn, og

kommentera matboksen hans. Ole kommuniserer med auge og kroppsspråk til Birte. Ole setter seg ved bordet og Birte kjem med ein gong bort med ein kopp til han, og spør om han vil ha rød eller rosa mjølk. Ole vel mjølk med kroppsspråket og Birte heller mjølk i koppen til Ole. Når ein observerer denne situasjonen er det ikkje noko spesielt som skjer utan om at Birte viser glede for å sjå Ole og gir han den merksemda han har bruk for slik at han kjem i gang med frukosten. Men om ein ser det i ein kjønnskritisk samanheng kan ein vurdere det slik at Birte er i rolla som omsorgsgjevar, ho tilbyr Ole hjelp og støtte for å kome i gang med måltidet. Sjølv om Ole er 4,3år og kanskje kunne ha prøvd og finne kopp og helle i mjølk på eige hand, er Birte raskt i gang med å hjelpe han. Ole får ikkje moglegheit til å prøve sjølv, før ho har gjort alt for han. Det sit to jenter og ein gut ved det same bordet, har dei og fått same hjelpa eller har dei fått prøve sjølv? Birte er i rolla som omsorgsgjevar, noko som og er ein del av jobben til dei tilsette i ein barnehage. Men når Birte er ein hjelpsam omsorgsgjevar har dette innverknad på kva barna tar med seg vidare som «normale» ferdigheite for kvinner. Dette kan då bli kjønnsdiskursar som personalet vidarefører til barna i barnehagen, og oppgåvene Birte då utfører kan kanskje sette arbeidet ho utførar i eit kjønnsblindt perspektiv. Personalet må kunne observere og legge merke til korleis kjønnsuttrykk kjem til syne og påverkar dei situasjonane ein står i (Bø, 2014, s. 23). Kjønnsroller er noko som kan ligge ubevisst i handlingane vi utfører i det daglege arbeidet i barnehagen. Emilsen (2015) snakkar om korleis både barn og vaksne tilpassar seg til det som er antatt viktige og passande handlingsmønster for både jenter og gutar, kvinner og menn, dette er med på å vidareføre gitte kjønnsrollemønster (Emilsen, 2015, s. 26). Vidare seier Stordal (2015) at barns kjønnsrolleidentitet eller kjønnsrollemønster blir danna i sosialisering med andre og det samfunnet ein er ein del av. Jenter kan bli omsorgsfulle og empatiske fordi samfunnet forventar dette av dei og gutar kan bli aktive og fysiske på bakgrunn av dei forventningane dei blir møtt med i samfunnet (Stordal, 2015, s. 77).

Barnehagen er ein samfunnsinstitusjon og ein viktig arena for barn utanfor heimen. Barnehagen er forplikta til å bygge si verksemd på forskrifter gitt i barnekonvensjonen, lovverk, rammeplan og andre retningslinjer. Barnehagen skal formidle respekt for menneskeverd og bygge på grunnleggjande verdiar som er forankra i menneskerettane (Emilsen, 2015, s. 40). Rammeplanen er eit arbeidsverktøy for alle som jobbar i barnehagen, her kan vi lese at:

«Barnehagen skal fremje likeverd og likestilling uavhengig av kjønn [...]. Barnehagen skal byggje verksemda si på prinsippet om likestilling og ikkje-diskriminering og bidra til at barn møter og skaper eit likestilt samfunn (Utdanningsdirektoratet, 2017, s. 10). Dette betyr at alle som jobbar i barnehagen må være bevisst korleis dei samhandlar og kommuniserer med barn. Det vi har sett i våre observasjonar er at det er dei små tinga i kvardagen som gjerne er ubevisst, som kan ha mykje og seie for korleis barnehagen er med på og forme barna til den dei er og blir. Barnehagepersonalet kan vere med på og vidareføre gitte kjønnsroller og handlingsmønster. Når det er nemnt i

rammeplanen at barnehagen skal jobbe med likestilling og likeverd, må ein kanskje begynne med dette i kvardagen. Når vi observerte samspelet mellom barn og tilsette i barnehagen kan vi sjå at barn ofte blir møtt på bakgrunn av deira kjønn, og kva forventningar og haldningar personalet hadde til jenter og gutar. Desse forventningane kan være ubevisste hos dei tilsette.

Når vi ser på våre observasjonar opp mot teori og tidlegare forskning på feltet kan vi sjå at personalet kan møte barn i barnehagen med utgangspunkt i kjønn, vi observerte at jente blei tatt i mot om morgonen med kommentarar på utsjånad og klede. Vi såg og korleis jente og gut blei behandla ulikt i bringesituasjonen, der guten fekk mykje merksemd frå pedagog og fagarbeidar, medan jenta blei «flink» jente som klarte og ta hand om seg sjølv og gjere det som var forventa av ho når ho kjem i barnehagen om morgonen.

7.0 Konklusjon og avslutning

I denne bachelor oppgåva har vi tatt for oss *problemstillinga* «*Møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?*». Med tidlegare forskning, teori, datamateriale og drøfting har vi svart på denne problemstillinga. Vi syns dette har vært ein spennande og lærerik oppgåve å kunne gå nærmare inn på. Å få lov å gå inn i barnehagar å observere bringesituasjonar om morgon og sette funna vår opp mot relevant teori.

Ut i frå våre observasjonar og drøftingar kan vi sjå at det ikkje alltid er alle tilsette i barnehagen som møter barna likt uavhengig av kjønn. Vi observerte blant anna at gutar fekk meir merksemd og hjelp samanlikna med jenter i same situasjon. Vidare observerte vi også at jenter blir møtt med utgangspunkt i kjønn at jenter fekk positiv merksemd på utsjånaden og klede. At jenter blei møtt av ein forventning om å være sjølvstendige og «flinke». Medan gutane blei møtt med ein forventning om at dei hadde behov for meir hjelp og støtte. Problemstillinga vår er «møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?» Vår meining er at jenter og gutar ofte blir møtt med kjønn som utgangspunkt i barnehagen. At kjønnstypiske rollemønster og forventningar ofte blir framvist av dei tilsette i barnehagen. Dette ser vi på som interessante observasjonar på bakgrunn av at heile 97,2% av norske barn i alderen tre til fem år går i barnehagen. Og at barnehagepersonalet spelar ein så stor rolle i dei fyrste åra i barna sine liv. Personalet er og med på og skape barna sin identitet og sosialiserer dei inn i samfunnet. Barnehagen skal jobbe med likestilling, det kjem fram både i rammeplanen og styringsdokument som for eksempel handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008-2010. Det har gjennom ein årrekke blitt jobba med at det skal bli meir likestilling i barnehagen frå myndighetene sin side. Men som vi observerte i våre barnehagar førekjem det framleis forskjellsbehandling av jenter og gutar i barnehagen.

Det bør difor jobbast med korleis vi møter og behandlar barn uavhengig av kjønn. Som kommande barnehagelærarar kan vi sjå at vi kan få ein liten jobb og gjere, vis ein ser på kva vi har observert og dette speglar seg i kvardagen når vi begynner som barnehagelærarar. Å bruke løypande prokoll syns vi fungerte godt, men det krevjar at ein er opplagt og klar til å følgje med. Det hadde også vært interessante å observert i andre barnehagar, der det jobbar menn. Her hadde vi kanskje fått andre typar observasjonar og ein hadde kanskje sett om dei tilsette hadde møtt barna meir ulikt.

Når ein ser observasjonen som omhandlar det «å bli sett», kan ein begynne å lure på om den tilsette møter alle barna likt. Hadde vi hatt moglegheit og meir tid hadde det vært interessant å kunne ha observert dei same barna og tilsette over tid for å sjå om det er eit eingongstilfelle eller om det skjer likt kvar gong. For som tilsett i barnehage tenker ein ikkje alltid over kva ein gjer, og blir det eine barnet aldri sett av den tilsette om morgonen, bør vi som barnehagelærarar jobbe med dette, med dei tilsette og gå inn å begynne på ein endringsprosess og ein haldnings prosess hos dei tilsette. Ein

kan snakke med dei tilsette i barnehagen om at dei ureflektert foreslår at jenter skal være med jenter og at gutar med gutar for eksempel. Vi ser også at hadde oppgåva vært større og vi hadde hatt meir tid, kunne vi ha tenkt oss å intervju dei tilsette for å finne ut kva dei legger i omgrepa likestilling, kjønn og kjønnsroller. Og kor bevisst desse meiningane og haldningane kan komme til uttrykk i det daglege arbeidet i barnehagen.

Referanser

- Askland, L., & Rossholt, N. (2009). *Kjønnsdiskurser i barnehagen*. Fagbokforlaget.
- Bergsland, M. D., & Jæger(red.), H. (2022). *Bachelor oppgaven i barnehagelærerutdanningen* (2. utg.). Cappelen damm akademisk.
- Bjørndal, C. R. (2017). *Det vurderende øyet - Observasjon, vurdering og utvikling i pedagogisk praksis* (3. utg.). Gyldendal akademisk.
- Borgersen, E. S. (2014). *Barnehagen som kjønnnet rom*. Hentet fra Masteravhandling ved institutt for sosiologi og samfunnsgeografi :
https://www.duo.uio.no/bitstream/handle/10852/41375/Borgersen_Master.pdf?sequence=1
- Bø, I. (2014). *Kjønnsblind, kjønnsnøytral eller Kjønnsbevist?* Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving* (6. utg.). Gyldendal Akademisk.
- Emilsen, K. (2015). Likestilling og likeverd i Norge. I K. Emilsen (red.), *Likestilling og likevers i barnehagen* (ss. 21-37). Fagbokforlaget.
- Emilsen, K. (2015). Rammer for likestilling og likeverd i barnehagen. I K. Emilsen(red.), *Likestilling og likeverd i barnehagen* (ss. 39-51). Fagbokforlaget.
- Emilsen, K., Friis, P., & Hornslien, Ø. (2015). Barnehagen - En kjønnnet arena. I K. Emilsen (red.), *Likestilling og likeverd i barnehagen* (ss. 141-165). Fagbokforlaget.
- Henkel, K., & Tomicic, M. (2011). *Gi barna 100 muligheter i setede for 2*. Pedagogisk Forum.
- Kanestrøm, J. (2012, 04). *forskning. no*. Hentet fra forskning. no/barn-og-ungdom-kjonn-og-samfunnlikestilling: <http://forskning.no/barn-og-ungdom-kjonn-og-samfunnlikestilling/2012/04/stereotypier-om-kjonn-blomstrer> website.
- Kunnskapsdepartementet. (2006, Jannuar 01). *Lov om barnehager (barnehageloven)*. Hentet April 2023 fra lovdata.no: <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>
- Kunnskapsdepartementet. (2008, April). <https://www.regjeringen.no>. Hentet fra Handlingsplan for likestilling i barnehage og grunnopplæring 2008-2010:
<https://www.regjeringen.no/globalasse>
- Larsen, A. K., & Slåtten, M. V. (2019). *En bok om oppvekst*. Fagbokforlaget.
- Løkken, G., & Søbstad, F. (2013). *Observasjon og intervju i barnehagen* (4. utg.). Universitetsforlaget.

Meland, A., & Kaltvedt, E. H. (2019). *Tracking gender in kindergarten*. Early Child Development and Care. doi:10.1080/03004430.2017.1302945

Nordheim, A. (2009). *Et kjønnet blikk i barnehagen - finner vi det?* Universitetet i Bergen Det psykologiske fakultet.

Rossholt, N. (2003). *Barnehagen og førskolelærerutdanningen i et kjønns-, likestillings- og diskursperspektiv, et forprosjekt. kunnskapsstatus og forslag til tiltak*. Høgskolen i Oslo, lærarutdanning. Barne og familiedepartementet.

Statistisk sentralbyrå. (2023, Mars 21). *Statistisk sentralbyrå*. Hentet April 27, 2023 fra <https://www.ssb.no/utdanning/barnehager/statistikk/barnehager>

Stordal, G. (2015). Er kjønn noe man er, blir eller gjør? Om ulike tilnæringer til barn og kjønn. I K. Emilsen, *Likestilling og likeverd i barnehagen* (ss. 71-80). Fagbokforlaget.

Store norske leksikon. (2023, Mai 07). *snl.no*. Hentet fra <https://snl.no>: <https://snl.no/likeverd>

Utdanningsdirektoratet. (2017, august 1). *udir.no*. Hentet fra Rammeplanen for barnehagen: <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017>

Aasebø, T. S., & Melhuus, C. (2005). *Rom for barn -rom for kunnskap. Kropp, kjønn, vennskap og medier som pedagogisk utfordringer*. Fagbokforlaget.

Vedlegg 1 – Samtykkeskjema

Samtykkeskjema for deltakar til bacheloroppgåve

Dette er eit spørsmål om du ønsker å delta som informant til min/vår bacheloroppgåve. Formålet med oppgåva er å sjå korleis gutar og jenter blir møtt i barnehagen av personalet.

Problemstillinga vår er:

«Møter personalet barna likt uavhengig av kjønn?»

Kva inneberer det for deg å delta?

Dersom du ønsker å delta i prosjektet, inneberer det deltaking i observasjonar, for å samle inn datamateriale. Observasjonane vil fokusere på korleis personalet møter barna i bringe situasjonen. om personalet møter gutar og jenter ulikt. Det vil derimot ikkje bli gitt personopplysningar eller andre opplysningar som kan føre til identifikasjon av deg.

Det er frivillig å delta

Det er helt frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekke samtykket ditt, utan å oppgi grunn. Alle dine personopplysningar og informasjon frå observasjonar vil da bli slettet.

Ditt personvern –korleis vi oppbevarer dine opplysningar

Datamaterialet og oppgåva vil være anonymisert og det vil dermed ikkje være mogleg at nokon gjenkjenner deg. Vi vil behandle personopplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket. Notata frå observasjonane vil oppbevarast utilgjengeleg for andre. Dersom det kjem fram personopplysningar undervegs i observasjonane, vil disse bli koda slik at bere vi kan forstå kva dette betyr.

Kva skjer med opplysningane etter at bacheloroppgåva er levert?

Nota frå observasjonane makulerast og slettes når oppgåva er levert og godkjent. Oppgåva skal leverast 25.mai 2023 deretter følger en tre veker sensurtid.

Kor kan eg finne ut meir?

Dersom du har spørsmåla til oppgåva eller ønsker meir informasjon. Ta gjerne kontakt med:

██████████

Mobil: ██████████

Epost: ██████████

██████████

Mobil: ██████████

Epost: ██████████

Med vennleg helsing

██████ og ██████

Samtykkeerklæring

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet, og fått anledning til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

Å delta i

Observasjon

Eg samtykker til at mine observasjoner kan oppbevarast og behandlast fram til prosjektet er avslutta.

Vedlegg 2 – Skjema på løypande protokoll

Løypande protokoll

Barnet/barna som blir observert:	
Dato:	Observasjonstid fra kl.-til kl. :
Navn på observatør:	
Situasjon:	
Fokus (t.d. frileik, måltid):	
Kva skjedde like før observasjonen:	
Observasjon (beskrivelse):	Kommentarar:
Tolking:	
Konklusjonar/tiltak:	